



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	29.02.2024	22/24

Kommunal planstrategi for Vinje kommune 2024-2027

Vedlegg

- 1 Kommunal planstrategi 2024-2027
- 2 Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2035
- 3 Tal om Vinje
- 4 Utfordringsnotat

Dokument i saka

[Planstrategi 2020-2023](#), vedteke i kommunestyret 17.11.2022, sak 93/2022.

Bakgrunn

Planstrategien omfattar ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, m.a. langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorens verksemder og ei vurdering av kommunens planbehov i valperioden. ¹

Planstrategien er forankra i plan- og bygningslova § 10-1. *Kommunal planstrategi* som seier:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

¹ [Kommunal planstrategi – rettleiing frå Regjeringa.no](#)

Planstrategien for Vinje kommune skal no rullerast i medhald av pbl § 10-1 fyrste ledd. Gjeldande planstrategi for 2020-2023 blei fyrst vedteke av det førre kommunestyret 03.09.2020, og sidan revidert 25.08.2021, og 17.11.2022.

Kva er planstrategi?

Føremålet til planstrategien er å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør starte opp, vidareføre, revidere eller oppheve for å leggje til rette for ei ynskja utvikling i kommunen. Den er ikkje formelt bindande for kommunen, og den kan reviderast etter behov innafor valperioden.

Planstrategien er ikkje ein plan. Det er dermed ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men for å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien er retningsgjevande for kommunens planlegging, og har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane i kommunen. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunal planstrategi.

Synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar skal innhentast i høyringsperioden. Saman med dei sektorvise innspela frå kommunens tenesteleiarar dannar dette grunnlaget for Vinje kommune sin planstrategi.

Vurdering

Gjennom den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis, eller bli vidareført utan endringar. Ein viktig del av grunnlaget for å vurdere om kommuneplanen skal reviderast vil vera erfaringane med gjeldande kommuneplan, utviklingstrekk framover og dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon, samt i kva grad det nye kommunestyret ynskjer ein ny eller endra politikk for kommunen.

Revidering av kommuneplanen

Kommuneplanen har to delar, samfunnsdelen og arealdelen.

- **Kommuneplanens samfunnsdel** vart vedteke i kommunestyret 01.06.2023 i sak 54/23. I førre rullering vart FNs berekraftsmål, klima og klimatilpassing integrert i samfunnsdelen. Det er lagt ned grundig arbeid i planen, og den er såpass nyleg vedteken at rådmannen ikkje vil rå til å rullere den i denne valperioden.
- Arbeidet med rulleringa av **kommuneplanens arealdel** vart starta i førre valperiode. Etter foreløpig framdriftsplan er det venta at eit planframlegg er klart til 1. gongs handsaming i starten av 2025.

Revidering av andre kommunale planar

Planstrategien er og eit eigna verktøy for at kommunestyret kan ta stilling til igangsetjing, revidering eller oppheving (planvask) av andre kommunale planar i valperioden.

Planstrategien for Vinje kommune inneheld ei liste over planar. Planoversikten viser overordna arealplanar og planar for sentrumsområda, kommunedelplanar, tema- og sektorplanar, samt nokre strategiar, retningslinjer og lokale forskrifter for Vinje kommune. Lista er ikkje uttømande, særleg i høve arealplanar. Det er oppunder 200 gjeldande arealplanar i kommunen, og desse kan ein sjå i Vinje kommune sitt digitale planregister på arealplaner.no. ²

Det er samla inn sektorvise innspel frå kommunens tenesteleiarar for når planane i denne oversikten bør rullerast. Desse vurderingane er basert både på behovet for oppdatering av planane (t.d. i høve nytt lovverk eller retningslinjer), samt kapasitet og kompetanse til å gjennomføre

² [Vinje kommune sitt planregister – Arealplaner.no](https://www.vinje.kommune.no/planregister)

rulleringa i gitt tidsrom. Det er også lagt inn verksemdsansvar på dei ulike planane under kommentar.

Tal om Vinje og utfordringsnotat

Vedlagt er dokumenta *Tal om Vinje* og *Utfordringsnotat for Vinje*. *Tal om Vinje* viser oppdatert statistikk om kommunen, og utfordringsnotatet tek for seg dei største utfordringane i kommunen, og kva grep som er gjort i samfunnsdelen for å møte desse utfordringane. Ein del statistikk for 2023 vert publisert eit stykke ut på nyåret, og *Tal om Vinje* vil truleg oppdaterast noko i løpet av høyringsperioden. *Utfordringsnotatet* og *Tal om Vinje* vert lagt ut på kommunens heimeside under Planar og høyringar - Kommuneplan.

Rådmannens framlegg til vedtak

I medhald av pbl § 10-1 leggjast kommunal planstrategi for Vinje kommune 2024-27 ut på høyring og offentleg ettersyn.

Formannskapet si handsaming av sak 22/2024 i møtet den 29.02.2024

Røysting

Framlegg frå Jon Rikard Kleven (Sp):

Endre rullering av Bustadpolitisk plan frå 2025 til 2024.

Framlegg frå Suhail Mushtaq (uavhengig):

Endre rullering av plan- for klima og berekraft frå 2025 til 2024.

Framlegg frå Børge Skårdal (VTB):

Planane Åmot Sentrum (ID 19860003) og Åmothaugen (ID 20080011) blir rullert i 2024.

Røysting:

Klevens framlegg blei samrøystes vedteke

Mushtaqs framlegg fall med 5 mot 2 røyster

Skårdals framlegg fall med 5 mot 2 røyster.

Rådmannens framlegg elles blei samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av pbl § 10-1 leggjast kommunal planstrategi for Vinje kommune 2024-27 ut på høyring og offentleg ettersyn med denne endringa

- endre rullering av Bustadpolitisk plan frå 2025 til 2024.

Saksframlegg er godkjent av , .